

Bømlahistorie i ny Oselvar-bok

Historia om Johannes Baldersheim og Peder Klepsvik sin tur over Nordsjøen i 1940 er ei av mange historier som er teken med i ei splitter ny praktbok om Oselvaren. Det var i ein oselvar dei to karane tok seg frå Finnås til Shetland i løpet av nokre maidagar i 1940.

Oselvaren er Noregs nasjonalbåt og vart nominert til Unesco si liste for gode vernepraksisar i 2015. Det er Skald forlag og Oselvarklubben som gjev ut Oselvar – den levande båten.

Den årlege julemessa

Indremisjonssamskipnaden si årlege julemesse vert i år 25. og 26. november.

I år vert me på Bremnes ungdomsskule igjen, grunna vedlikehaldsarbeid i kommunehuset. Merk deg dette!

Mange fine gevinstar vert det nok i år og, både på åresalget og loddøkene.

Me vonar på «godvilje» hos bygdefolket dette året og med å skaffa til veie

desse varene og gevinstane, ettersom me ikkje har foreningar som støttar oss.

Takk til deg som har vore med oss tidlegare og som vil stå med vidare. Så vonar me at fleire NYE vil trø støttande til,

Sjå annonse i dette bladet i nov, skriv julemesseskomiteen.

Seniordagen byr på krambuer, bedehus og populærmusikk

Bømlo kommune spanderer også i år ein kulturdag på seniorane i kommunen.

Bn Randi Olsen

I manns minne er ein sosial dag der ein har eit blick tilbake på gamledagar. I år er det 40- og 50- talet som gjeld, kvardagslivet, møtestadane og populærmusikken. 40-tals song med The Andrews sisters

Dagen startar med ei nostalgisk og musikalsk framsyning av og med Underholdningsvogna, tre damer som formidlar historia og songane til dei verdskjende The Andrews Sisters. Mange hugsar nok dei tre søstrene som vart allemannseige og superstjerner under andre verdskrigen. Då underheldt dei amerikanske soldatar i teneste. Dei vart også mykje spelt på radio og grammofonplater rundt omkring i verda, med kjende slagerar som «Rum and Coca-Cola», «Bei Mir Bist du schön» og «Shoo, shoo, Baby». Med stemmeprakt, tidsriktige kostymer og hårfrisyrar gjev Underholdningsvogna sitt publikum ei flott teateroppleving som sprer humor og glede. Det vert også musikalske overraskingar undervegs.

Krambuer, bedehus og dans i Olakjosen

Etter pausen vert det eit lokalhistorisk tilbakeblikk med Kristine Sele og gjester. Kristine Sele er etter kvart kjent for sine spanande samtalar i biblioteket, der ho har gitt oss innblikk i alt frå sauesanking, hummarfiske og krigshistorie. Denne gongen har ho invitert med seg Håkon Sønstabø frå Hiskjo, Tordis Hareide frå Sønstabø/Rubbestadneset og Jorunn Størksen frå Moster som skal gje oss eit glimt tilbake i tid, om livet på krambua, bedehuskulturen og dansen i Olakjosen.

Samvær, matøkt og god drøs

Tradisjonen tru vert det lagt inn ei god matøkt med lapskaus og kringler på menyen. Dette er ein viktig del av tradisjonen til I manns minne og er derfor inkludert i billetten. Ein skal ha tid til å koma saman, drøsa og mimra, det er trass alt deltakarane som til slutt skapar den gode stemninga som me alltid har på denne dagen. Arrangementet startar klokka 11:00 slik at alle kan nå det med ein tidleg buss. Slik håpar me seniorar frå heile den langstrakte kommunen vår tek turen denne dagen.



The Andrew Sisters står for underholdning med høg mimrefaktor på I manns minne fredag. Pressefoto

Songkveld med Alf Knutsen i Bømlo kyrkje

Søndag 23. oktober kjem Alf Knutsen til Bømlo kyrkje. Knutsen er kanskje mest kjend som opphavsmann til bøkene og tv-serien om Elias-båten, men han er òg kantor og oppteken av salmeskatten vår.

Mellom anna difor har han laga ei bok med eit utval salmar frå sal-

meboka, der noko av poenget er å la folk oppdage gleden ved å syngja salmane sjølve og gi høve til å øva seg på å syngja dei. Og nettopp det – å syngja saman frå salmeskatten vår – blir hovudsaka denne kvelden.

Til å hjelpa oss med det får vi med kor og solistar. Og for den som vert

skikkeleg inspirert, vil det bli høve til å kjøpe boka til Knutsen og fortsetja å øve på salmane heime. Velkommen til ein kveld med salmesong i Bømlo kyrkje! skriv kantor Øystein Skullerud i ei lita melding.




Foto: privat